

01.06.2016

Gøy på fotball-cup.

Denne glade gjengen hadde ein flott dag på Halsnøy.

I helga var det stor fotballcup for dei yngste fotballspelarane i kommunen. Heile 32 lag deltok, og eg trur absolutt alle spelarane hadde ein kjempedag. Storkosa seg gjorde nok også foreldre og alle andre på sidelinja. Blant deltakarane var også dei friske gutane som spelar på Uskedalen sitt G07 lag.

Sjølv om resultata ikkje betyr all verda i denne aldersgruppa, var nok gutane ekstra fornøgde med at det vart siger i alle tre kampane dei spela. Dei vann 4-2 mot Rosendal, 4-3 mot Halsnøy og 7-2 mot Trio/ Ternen. Flotte resultat.

Dei som var med, var: Isak, William, Amund, Sondre, Andre, Mats, Petter, Simon og Jan Arild. På biletet over ser vi den glade gjengen. Der har dei også fått med seg maskoten Viljar som var svært imponert av laget.

Trenarar for dette laget er Trond Myklebust og Kjell Erik Taranger.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjell Erik Taranger.